

Stortingets Energi- og miljøkomité

Saksbehandler: Per Fosshem
Telefon: 97133405
E-post: per.fosshem@nsg.no
Vår referanse:
Deres referanse:

Høring:
Statsbudsjettet Prop. 1.S
Klima- og miljødepartementets budsjettforslag

Ås, 14.10 2019

Norsk Sau og Geit ønsker å komme med følgende kommentarar til budsjettforslaget

Kapittel 1420

Post 65

Kommunar med ulverevir

I kommentarane til budsjettet står det: «Kommunen står fritt til å disponere tilskotet og velje tiltak, under dette å tilgodesjå aktuelle næringsinteresser, organisasjonar eller privatpersonar. Bruken av tilskotet skal vere relatert til den særlege belastninga av å ha eit ulverevir i kommunen.»

Rovviltsikre gjerder er i flg. tidl. statssekretær Lunde «Statens tilbod til beitebrukarane i rovdrytsette områder.» Kostnadene til rovviltsikre gjerder vert handtert over den enkelte rovviltregionen. Det er i dag stor forskjell på tildeling av tilskota mellom dei ulike regionane. Det vises her til stor skilnad mellom Hedmark og Østfold. NSG er svært lei seg for at beitebruk berre kan utøvas med kostnadskevjangande gjerdehald, men ser ingen anna råd for dette for beitebrukarar i ulvesona. NSG meiner at beitebrukarane som utøver beiteretten sin i områder Staten har vedteke skal vera rovviltprioriterte for ulv, må likestillas med tilskot uavhengig av region. I dette budsjettet må dei kommunale midlane øymerkas og supplerer manglane som over tid er oppstått som følge av redusert/historisk FKT-budsjett.

Post 72

Erstatning for tap av husdyr på beite

Tap av husdyr på beite er lågare og har minka noko de siste åra. Dette skuldast fleire forhold:

- I områder med høg belastning av rovvilt over tid har den psykiske belastninga vorte så stor at beitebrukarane har gjeve opp. I områda øst for Glomma og øst for E6 til og med Troms er i dag beitebruken kraftig redusert. Når ein ikkje slepper dyr lengre, går dermed tapane ned.
- Erstatningsutbetalinga har i tillegg vorte kraftig redusert av forvaltninga ut frå nye retningslinjer i tolkinga av erstatningsforskrifta. Ut frå beitebrukar sitt perspektiv har ein sett at eit politisk vedtak om mindre tap av sau på beite har gått kjøkkenvegen via strengare praksis i vedtaka for erstatningssøknadane. Beitebrukarane føler søknadane i større og større grad vert avkorta - underkjent, dei meiner at forvaltninga motarbeider beitebruken og at utfordringa med å utøve beitebruken vert større og enn nokon sinne, også sett i økonomisk perspektiv.

Rovvilttapet er egentleg kraftig underestimert. Når forvaltinga opererer med «eksakte tapstal» viser desse eigentleg berre dokumenterte tap. Vi veit at for nokon rovviltartar kan berre høgst 8% av dei tapte dyra finnas, og berre ein brøkdel av desse dokumenteras. SNO har lagt om sin dokumentasjonspraksis dei 10 siste åra og underkjenner opp til 80-90 prosent av dei kadavera. Derfor fortel tapstala lite om kva dei faktiske tapa er.

Husdyreigarar nektas innsyn i SNO sin feltrapporter og Miljødirektorates nettsider. Desse er ein viktig del av grunnlaget for erstatningsordninga. Staten har dermed teke frå beitebrukaren det faglege grunnlaget for å kunne klaga på forvaltningsvedtak.

Erstatningsforskrifta for tap av husdyr slår fast at det i utgangspunktet skal gjevast full erstatning for rovviltsskade eller drepne husdyr. I dag skjer dette svært sjeldan. Om forvaltinga hadde følgd forskrifta, ville budsjettposten i post 72 vore altfor liten.

Post 73

FKT

Den allmenne oppfatninga av bruk av omstillingsmidlar var at dei skulle nyttast i dei «verste» rovviltprioriterte områda. I dag vert størstedelen av desse brukt til å avvikle beitebruken i beiteprioriterte områder. Midlane skulle medverka til konfliktdemping, men vi opplever dette med motsett teikn. Omstillingsmidlane aukar konflikten mellom beitebrukarar i staden, og beiteprioriterte områder vert i praksis rovviltprioriterte, da attverande beitebrukarar får auka tap og auka arbeidsmengde.

Når Stortinget så seint som i 2016 bestemte at Rendalen skulle være beiteprioritert område, trudde beitebrukarane at dette var eit styringssignal for å styrke beitebruken. I staden driv miljømyndighetene i dag ei aktive omstilling eller avvikling i det same området. Dette vert gjort til tross for at Klima og miljøminister Elvestuen sommaren 2018 uttalte i Tynset, at området skulle prioriterast for beitebruk.

Norsk Sau og Geit ber om at forvaltinga respekter den rådande soneforvaltinga som er bestemt av Stortinget for å oppretthalda den todelte målsetjinga om rovvilt og beitebruk.

FKT-budsjettet forvaltas som ein del av miljøforvaltinga sine verkemidlar. Her har forvaltinga feila over fleire år, da det i formålet står at midlane skal verka tapsreducerande og konfliktdempande. For å nå det reelle målet og syna respekt for beitenæringa, meiner Norsk Sau og Geit at midlane i framtida bør forvaltas av Landbruks- og Matdepartementet. Men sidan midlane enda ligg under KLD, må det sørgast for at det frå nå av ikkje vert løyvd midlar til omstilling i beiteprioriterte områder.

Med helsing
Norsk Sau og Geit

Pål Kjørstad - s -
Nestleiar/Leiar i Utmarksrådet

Per Fossheim - s -
Beite- og utmarksråd-giver